

KYRKJEBLAD FOR ÅL



ORDET BLE MENNESKE / MØT DEI NYE PRESTANE VÅRE / TAKK TIL ARNE JENSEN
KONFIRMANTAR 2021 / NYNORSK-BIBELEN 100 ÅR / FRÅ GOLGATA TIL TORPO

NR. 4 | 2021 | 62. ÅRGANG



Detalj frå Ål-taket (1200-talet) Foto: Ole Johs. Brye

*Eit barn er født i Betlehem, i Betlehem. No frydar seg Jerusalem. Halleluja, halleluja!
Tre kongar kom frå Austerland, frå Austerland, gull, røykjels, myrra gav dei han. Halleluja, halleluja!*

Nye gode vanar

Hausten er til endes og me skal snart feire ei ny julehøgtid. Det har vore eit veldig spesielt år for oss alle, og kyrkja har ikkje vore noko unntak i så måte. Full nedstenging i enkelte periodar der berre digitale gudstenester var mogleg, til no i slutten av september der samfunnet opna heilt opp att og meteren og munnbind var historie.

Det er vel vårens konfirmanter som har kjent mest på det ukjente, men der dei endeleg no i november kunne bli konfirmerte. Og 50 års-konfirmantane frå våren 2020 fekk jubilere fyrst no i oktober..

I løpet av desse eit og eit halv år med pandemi og nedstenging har me måtte endra vanane våre, mange har høyrte og sett gudstenester og anna forkynning digitalt, og det har vore ei god erstatning for lokalt gudstenesteliv i dei ulike kyrkjesamfunna våre. Men som tittelen viser til her, så bør me no snu vanane våre att og koma oss ut att frå godstolen.

Som de ser her i kyrkjebladet, er det mange ulike aktivitetar å delta på for folk i alle aldrar. Finn ein eller fleire aktivitetar som du har lyst til å vera med på no når samfunnet heldigvis er opna opp att. Det er godt og

I KYRKJEPORTEN



Av Liv Margit Sørbøen

«...som kristne er me kalla til fellesskap med Gud og med kvarandre.»

viktig å vera med i eit fellesskap, og som kristne er me kalla til fellesskap med Gud og med kvarandre. Besøk og kyrkja si heimeside; aalkyrkja.no, den sida skal vera oppdatert på det som skjer i kyrkja til ei kvar tid. Her er det bl.a. formiddagstreff, babysong, speidar, kor, formiddagstreff og open kyrkje. Det trengst og fleire frivillige til ulike oppgåver i kyrkjene våre, både i barne- og ungdomsarbeid, diakoni mm, så her er det berre å melde seg til Kyrkjekontoret!

I fjor skreiv eg at eg gledde meg til å høyre juleevangeliet og synge julesongar ute på Sundre torg, og ja, det var ei sterk og fin oppleving! Det var spesielt å høyre den glade julebodskapen om Gud som let seg føde som eit hjelpe-laust barn i ein stall når kulden beit i kjakane og nokre lam stod og brekte ved Tingstugu! Men denne jula er eg veldig glad for at me kan fylle kyrkja til randen både juleeftan og juledagen, og kanskje du skal få med deg gudstenesta nyttårseftan der du kan lytte og sitja stille i ettertanke.

Velkomen til kyrkja vår på både kvardagar og sundagar framover!



Anita Lamisoni har akkurat fødd det første barnet sitt i Malawi. Ho har fått namnet Grace, for ho er både ei gåve og ein nåde, fortel den stolte mora. Alt er godt og trygt for Grace no, men utanfor veggene ventar eit hardt liv og ein beinhard statistikk. Meir enn nitti prosent av barn som døyr før dei fyller 18 år, overlever ikkje femårsdagen sin. Foto: Håvard Bjelland

Saman kan vi forandre

Vi skal snart feire jul, i takksemd og glede over Jesu fødsel. Ein fødsel som mest sannsynleg var ei tøff erfaring for unge Maria. I ein stall, i ein fremmand by, langt borte frå familien. Hadde ho ein fødselshjelpar?

2000 år etterpå veit vi at nyfødde under 28 dagar står for nesten halvparten av dødsfalla blant barn under fem år (tal frå 2019), skriv Kirkens Nødhjelp i ei pressemelding. Mange blir framleis fødte i krig, konflikt, vassmangel, svolt og fattigdom.

Oppdraget til Kirkens Nødhjelp er å redde liv og krevje rettferd for desse, slik vi gjer i Malawi, som er eit av dei fattigaste landa i verda.

- Vi kan vere med å gje nyfødde Grace og andre barn ei trygg framtid. Saman med deg og dei kan vi bygge fleire fødeavdelingar og syte for tilgang til mat, reint vatn, vaksinar og utdanning. Saman forandre. Slik at fleire får fylle fem år, skriv Kirkens Nødhjelp.

SLIK GJEV DU DEN VIKTIGASTE JULEGÅVA I ÅR: Vipps eit valfritt beløp til 2426. Send GAVE på sms til 2426 og gje 250 kr Gåvekonto: 1594.22.87248

Neste års fasteaksjon blir tysdag 5. april. Pengane som konfirmanter og andre då samlar inn, går til Kirkens nødhjelp og prosjekt reint vatn.

KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJON Birger Bolstad (redaktør) • Wenche Skår-Ekse • Liv Margit Sørbøen

BANKGIRO 2320.20.70272 | VIPPS 627063 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd
GRAFISK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag–fredag kl. 08.30–14.00 | Tlf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkje.no

PROST Sveinung Hansen | SOKNEPREST Vigdis Moen Storhaug | KYRKJEVERJE Kjellfred Dekko | SEKRETÆRAR Guro Stave • Elin Etterlid Tveito

KANTOR Audun Flaen | MUSIKARAR Ingunn Stræte • Håkon Tveito | DIAKON Hilde Kirkebøen | KYRKJELYDSPEDAGOG Ingvild Kringlebotten Stautland | REINHOLDAR Rezene Habtom
KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Morten Storhaug • Tom Vidar Myrestølen | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattegard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto

Ordet ble menneske

.....
ANDAKT



Av Torill Sønsteby

I Johannes evangelium kapittel 1 står det: «I begynnelsen var Ordet, Ordet var hos Gud, og Ordet var Gud.(...) Det sanne lys, som lyser for hvert menneske, kom nå til verden. (...) alle dem som tok imot ham, dem gav han rett til å bli Guds barn – de som tror på hans navn. (...) Av hans fylde har vi alle fått, nåde over nåde.»

Jesu fødsel

Jesu fødsel var en hendelse uten side-stykke i historien: I Gal 4.4. står det at i tidens fylde sendte Gud sin sønn til verden for å frelse menneskene og forløse skaperverket. Gjennom denne begivenhet innledet Gud et nytt forhold til verden, idet mennesket nå gjennom Jesus Kristus kunne møte Gud som for-løsningens og kjærlighetens Gud.

I adventstiden og julen blir vi hvert år minnet om Jesu komme til jord. Her i Joh.1 får vi påminnelse om Guds store under. Ordet som Johannes her forteller om, er Gud som ble menneske og kom til oss som et lite barn jule natt.

Han var lyset

Han var lyset som kom til verden, han opphørte ikke å være Gud, men begynte å være menneske ved Jesu fødsel til jord.

Hovedpoenget med Ordets komme til jord var Jesus Kristus, Guds egen sønn fra evighet av, ble sendt til verden for å frelse det som var forlatt på grunn av synd. Han tok på seg menneskelig natur, men var Gud lik. Jesus betyr: Herren frelser.

Han var lys av lys, sann Gud av sann Gud, født, ikke skapt.



«...la oss aldri slutte å peke på Jesus.»

del i hva han er. Her er det nåde for alle forhold. «Alle som tror på han får rett til å bli Guds barn».

Et like aktuelt budskap i dag

Det er flott at vi på ny kan feire jul og minnes det som skjedde i Betlehem jule-natt for over 2000 år siden. Budskapet

«Alle dem som tok imot han, gav han rett til å bli Guds barn – de som tror på hans navn». For at vi skulle bli frelst, noe vi ikke kunne bli av oss selv, måtte Gud sende sin egen sønn til verden.

Og «av hans fylde har vi alle fått, nåde over nåde». Nåde er noe som er ufortjent, ingen kan opparbeide seg nåde, det er noe en får. Nåde er her Guds kjærlighet på Jesu bekostning som døde for oss. Jesus var full av nåde og sannhet, og den som får del i Jesus, får

er like aktuelt i dag som den gang. Uten dette under at Jesus kom til jord var vi forlatt. Takk for dette store under!

La oss gå inn i advent og julehelgen med takk til Gud, Jesus og Den hellige ånd som gjorde det mulig at vi skulle få del i dette store mirakel. Vi må gå med dette glade budskap til alle slik at de kan få del i dette store under og lære Guds kjærlighet å kjenne gjennom troen på Jesus Kristus som kom til vår jord. Da kan det skapes fred mellom mennesker og i verden.

La oss denne julen dele våre goder med de som ikke har det så godt, og la oss aldri slutte å peke på Jesus.

*Så enkelt og stille kom Gud til vår jord.
Så høyt er jeg elsket av Jesus, vår bror.
Han kom fra Guds himmel, Gud selv var han lik,
Men Jesus ble fattig, og jeg er blitt rik.*

*Fra krybben til korset gikk veien for deg.
Slik åpnet du porten til himlen for meg.
Velsign oss, vær med oss, gi lys på vår vei,
Så alle kan samles i himlen hos deg!*

Fra salme 56 «En krybbe var vuggen» av Eyvind Skeie

Sorggruppe

Døden kan kome brått, andre gonger meir venta. Men å miste nokon i nær relasjon vekker tankar og kjensler hjå oss. Å setje ord på dette kan vere til hjelp. Dette er ei gruppe der me kjem saman for å gje rom for sorga, støtte og hjelpe kvarandre. Leiar og deltakarane har teieplikt. Ein bestemme sjølv kva ein vil dele i gruppa.

Det vil vere ei enkel samtaleform rundt ein kopp kaffe og te. Me tek utgangspunkt i aktuelle tema og tema som deltakarane i gruppa ynskjer å ta opp. Alle får høve til å snakke om sine opplevingar.

Påmelding til kyrkjekontoret tlf 32 08 61 61 eller til diakon 40 45 57 83. Ring også om du har spørsmål, eller ynskjer ein samtale eller besøk.

Hilde Kirkebøen, diakon





Ingrid Finsådal Bakke

Ingrid, prostipresten vår

Ingrid Finsådal Bakke er tilsett som ny prostiprest i Hallingdal prosti. Ho kjem frå stillinga som sokneprest i Dalsfjord og Kilsfjord sokn i Volda kommune. Der har ho vore sokneprest sidan ho vart ordinert i januar 2017.

Ingrid er 32 år og gift med Håkon Finsådal Bakke (tidlegare Bakke Jensen) frå Hemsedal. Ingrid er for tida

i foreldrepermisjon med sonen Isak på 3 månader, og startar i jobben når permisjonstida er over. Når dei no er blitt ein familie på tre, ynskjer dei å komme nærare familien. Dei er glad i friluftsliv, og då har Hallingdal også mykje å by på med fin og variert natur.

Ingrid er prestedotter og har flytta litt i oppveksten, men har hatt mykje av barndom og ungdomstid i Nissedal i Telemark. Her har ho også fått med seg Telemarksdialekta si. Som prestedotter er ho vakse opp med kyrkja som ein naturleg heim, og ho har opplevd det som ein god stad å vere frå barndom fram til presteteneste. Ho er opptatt av at kyrkja skal vere ein god stad å vere for menneske i ulike fasar i livet. Ho seier at «Gud har skapt oss i forskjellig, og då må det vere plass til alle slik me er». Då meiner ho at kyrkja må romme ulikskapane og gje plass til også dei

«... kyrkja skal vere ein god stad å vere for menneske i ulike fasar i livet.»

som ikkje kjenner seg like heime i kyrkja som ho gjer.

Ingrid er generelt glad i å jobbe med folk. Ho likar seg godt

med konfirmantane, men er like glad i å vere på sjukeheimen. Ho er opptatt av møte med menneske, og seier at spennet i generasjonar og spennet i sorg og glede gir rom for å bli kjend med menneske på ein unik måte. Ho verdset derfor dei faste oppgåvene i kyrkja frå dåp til gravferd høgt. Som prostiprest skal ho ha kontorplass på Ål, og ho skal samarbeide tett med prosten. Men ho skal ha teneste i kyrkjene i heile Hallingdal, og gler seg til å bli kjend med historiene og kulturen i dei ulike sokna.

Velkommen til Hallingdal, Ingrid!

Av Wenche Skår-Ekse (tekst og foto)

Møt dei nye prestane våre

Ål og Hallingdal får to nye prestar. Ingrid Finsådal Bakke er tilsett som ny prostiprest i Hallingdal prosti, og Geir Wiknes blir ny sokneprest i Ål. Møt dei to her:

Geir, soknepresten vår

34-årige Geir Wiknes frå Valdres er tilsett som ny sokneprest for Leveld, Torpo og Ål sokn. Han tek over stillinga etter Vigdis Moen Storhaug, som ut på nyåret går av med pensjon. Wiknes vart ferdig presteutdanna våren 2016 og kjem no frå sokneprest-stilling i Elverum.

Me får tak i Wiknes på telefon ein sein kveldstime og spør han kvifor ein valdris vil bli sokneprest i Ål?

Han ler litt av spørsmålet. – Kanskje er det ikkje slik at Hallingdal er sjølvsagt for ein valdris, men me er nok likare enn mange trur, seier han.

Hos Wiknes har det vakse fram ei kjensle som har blitt tydelegare og tydelegare etter kvart, kjensla av kven han er og kvar han kjem frå.

– Eg flyttar ikkje heim til Vestre Slidre,

men nesten. Sokneprest-stillinga på Ål er spennande, den er høveleg stor med tre sokn, her er fleire prestar, eit godt kollegialt miljø og eit spennande kulturliv. Eg ser fram til å koma til Ål og bli kjent med «ålingadn», seier Wiknes. Han bur i lag med hunden sin.

– Du snakkar valdrisdialekt, du høyrer nesten ut som halling?

– Eg nyttar jo dialekta mi. Eg kan ikkje noko anna, ler han. – Og eg er nok også prega av Hallingdal, vakse opp, som eg har, med Sylvspente Boots og Hellbillies blant andre. Tekstane herfrå kunne eg faktisk utanåt!

– Kva ynskje har du for kyrkja?

– Kyrkja skal romma alles liv, slik det er. Min jobb er å opna døra. Kyrkja er folket, folk skal kjenna seg att i kyrkja si. For meg er det ein viktig målestokk. For mange har opplevd for mykje vondt og at kyrkja har stått på feil

«Kyrkja skal romma alles liv, slik det er; min jobb er å opna døra.»

side i mange saker, seier han, og legg til: – Heldigvis endrar noko seg over tid, og eg er glad for at kyrkja i dag, frå sokn og opp til Kyrkjemøtet og biskopar, tydeleg seier at kyrkja er for alle. Eg ser fram til å møte folk i både sorg og glede, og alle kvardagane me deler saman.

Velkomen til Ål, Geir!

Av Birger Bolstad (tekst) og Karoline Almås Sørensen, Østlendingen (foto)



Geir Wiknes

Takk til Arne Jensen

Så har han slutta, Arne Jensen. Han har blitt pensjonist, etter 35 år som prest. Dei siste åra har han vore prostiprest her i Hallingdal, hatt kontor på Sundre og budd med kona Randi Sigrun oppi Granhagen. Men no har dei flytta til Larvik.

Den flotte avskilsgudstenesta med Arne Jensen var 29. august i Ål kyrkje. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi og fest på Evjens Minne. Her fekk Arne helsingar og gåver og song og takk. Leiar i Leveld, Torpo og Ål sokneråd, Einar Brattegard, overrekte Arne eit mektig bilete som Ole Johs. Brye har teke, frå fjellheimen i Ål, og takka, frå soknerådet, for den store innsatsen han har lagt ned i prestegjeringa si.

Fleire var vemodige og triste for at Arne, dette smålåtne og hjartegode mennesket, no sluttar, men alle uttrykte samstundes glede og takksemnd over det Arne har betydd for mange.

Under kyrkjekaffien fekk me tilhøyrarane også oppleva salmediktaren Arne Jensen. - Å høyra folk syngja to av salmane mine, det var ei heilt spesiell kjensle, sa Arne litt rørt etterpå. Ein av salmane har me fått løyve til å trykkja her i kyrkjebladet: «Vi takker deg, du Jesus Krist».

Av Birger Bolstad (tekst og foto)



29. august i Ål kyrkje. Siste ordinære gudsteneste for Arne Jensen som prostiprest i Hallingdal. Her saman med prost Sveinung Hansen (t.h.).



Frå kyrkjekaffien på Evjens Minne. Soknerådsleiar Einar Brattegard (t.v.) overrekte Arne Jensen eit vakkert fjellbilete av Ole Johs. Brye i gåve frå Leveld, Torpo og Ål sokneråd. Kona Randi Sigrun fekk blomar.

Vi takker deg, du Jesus Krist

*Vi takker deg, du Jesus Krist
for at du har oss kjær.
Takk for den store kjærlyghet;
at du vil ha oss nær.*

*Vi tilber deg vår Konge stor
som døde i vårt sted.
Som møter mennesker på jord
med håp og himmelsk fred.*

*Vi venter på den store dag;
du kommer på din sky!
Din menighet skal høre
dine hjerteslag på ny!*

*Da skal vi se deg som du er
i hellighet og makt.
Da skal vi se: Ditt Ord er sant,
det skjer som du har sagt!*

*Kom, Jesus, i mitt hjerte inn
ta bolig i min natt.
Du, konge i all evighet,
min dyrebare skatt.*

*Du kongers Konge, store Gud,
som elsker lille meg.
Fra evighet til evighet:
All ære være deg!*

Tekst: Arne Jensen 2016
Melodi: Emmy Köhler 1898
(«Nå tenner vi det første lys»)

Fakkeltog for forfølgde kristne

Tysdag 2. november arrangerte organisasjonane Åpne dører og Stefanusstiftelsen fakkeltog på Sundre for forfølgde kristne rundt om i verda. Eldsjela Berit Kilde og Ål Normisjon var lokal samarbeidspartnar. Eit hundre hallingar, veletablerte som nyinnflytte, løfta fakkelen for dei som lever i stor urett, og gjekk

frå Kilden til Kafè Tid og opp til Evjens der deltakarane fekk kaffe og bollar. Pål Brenne frå Åpne dører fortalte sterke historier om kristne som blir forfølgde for trua si. Den fine familien frå Kongo, no ålingar, avslutta fakkeltog med frisk song.

Foto: Roar Halvåg



Konfirmantane våre 2021

Foto: Ole Johs. Brye



Endeleg kofirmasjon!

1. rekkje frå venstre: Esteban Haugset, sokneprest Vigdis Moen Storhaug, Ella Marie Murray, diakon Hilde Kirkebøen

2. rekkje: Guro Molde Lappegard, Elin Thoen, Synne Marie Klype Tveito, Alexander Jones Strand, Mathias Thune Majormoen, Elias Gilen, Vegard Issachar Disen, Villiam Vidme Sønsteby, Ragnhild Opheimsjorde, kyrkjelydspedagog Kristine Giljebrekke Andersen

3. rekkje (i midtgangen): Henning Haugo, Tormod Brattegard, Bjørnar Helling Gunhildgard, Vegard Nordnæs, Ådne Åsegård Kaspersen

4. rekkje: Savannah Reshmadatter Roen, Trine Lappegard, Brita Laa, Sarlota Värpa, Maxim Taktayev, Kasper Tormodsgard Røv, Knut Ivar Hågensen Ådnegard, Thorbjørn Haug, Synnøve Hille-Bekkestad, Tiril Emilie Fuglefsang Tveito, Frida Strendo Leikvold, Ane Torsgard

Camilla Bæra og Ingvild Thoen var ikkje til stades då biletet vart teke.

Glade samlast me i kyrkja

Soknerådet for Leveld, Torpo og Ål vil helsa konfirmantane våre i 2021 med salmen «Glade samlast me i kyrkja». Salmen står dessverre ikkje i salmeboka. Salmediktaren er Heidi Strand Harboe frå Bryne, som me omtalte i Kyrkjeblad for Ål nr 4 2020. Denne konfirmantsalmen er mykje brukt på Jæren:

*1. Glade samlast me i kyrkja
for å vera i din nærleik,
her er våre konfirmantar,
Herre signa dei med kjærleik.
For dei unge vil me be,
signa dei med mot og fred
Herre gje dei kraft og tru.
Signa dei du.*

*2. Stolte bar me dei til dåpen,
og nå samlast me i glede.
Nå er dåpsbarna blitt store,
dei står her i kvite klede.
Sjå til alle som er her
signa oss og ver oss nær
Ver hos oss i tvil og tru.
Signa oss du.*

*3. Gje dei unge mot og vilje,
vakne sinn, og sterke røter
så dei vågar sjå og høyra,
vera midt i alt dei møter,
kunna tola slit og strid
halda fast og vera fri,
signa dei med mot og tru.
Signa dei du.*

*4. Signa alle deira dagar,
dei som gret, og dei som smiler.
Ver du nær dei alle timar,
når dei trur og når dei tvilar.
Herre signa deira liv.
Gje dei håp og perspektiv.
Signa dei med song og tru.
Signa dei du.*

Konfirmantar for 51 år sidan

1970-kullet som var 50-årskonfirmantar i mai 2020, kunne endeleg, etter korona og utsetjingar, feira sitt jubileum søndag 24. oktober. Det vart ei fin markering med folkemusikk-gudsteneste, og ikkje minst høvde det godt at noverande konfirmantkull vart presentert for kyrkjelyden samtidig. Prest Vigdis hadde preika og batt det heile saman med stødig hand, og Audun kantor hadde med seg dyktige musikarar på fele og trekkspel.

Etter gudstenesta var konfirmantane samla til hyggeleg middag og sosialt samvær.

I mars 2022 blir det 50-årsjubileum for 1971-kullet, og i mai jubileum for 1972-kullet.



Foto: Liv Margit Sørbeien

50-årskonfirmantane som måtte feire året etter.

Bakerst frå venstre: Arnfinn Haugen, Ole Brye, Jan Idar Dalseide, Halgeir Viken, Steinar Kielland, Åge Willy Bæra, Alf Egil Arnegård.

Andre rekkje (f.v.): Kari Haugen, Gunn Marit Arnegard, Kristine Margrethe Rotneim, sokneprest Vigdis Moen Storhaug.

Fremst (f.v.): Solveig Ingebjørg Habbestad, Anne-Lise Øyre, Gerd Solli, Gunn Odlaug Kvelperud

Velkommen til «Etter skuletid»

Velkommen til «Etter skuletid» kvar måndag klokka 14 - 15.30 i Ål kyrkjestugu.
Aldersgruppe: 4.-7. trinn. Innhald: Ein liten matbit, leksehjelp og aktivitetar.

Verdiane

Vi som leier «Etter skuletid», ønskjer å skape ein verestad der barna kjenner seg trygge, inkludert og sett av vaksne og kvarandre. Vi er formidlarar av varme verdier. «Etter skuletid» er ikkje trusopplæring, men verdiane gjennomsyrrar alt vi gjer.

Kvar «Etter skuletid» inneheld inspirasjon når barna kjem, og ei oppsummering som avslutning. Her snakkar vi om varme verdier, oppmuntrar kvarandre og vi kan mellom anna tenne lys for nokon vi er glade i. Viss nokon vil gå inn i kyrkja for å tenne eit lys i lysbåten, har dei også høve til det, i lag med ein av leiarane. Vi pratar om det som gir glede og det som kan vere vanskeleg

Kva skjer?

Registrering. Enkel matbit og kort «inspirasjon samling». Leksehjelp. Vi set av tid til lekser/lesetid med fleire pedagogar tilgjengeleg. Vi brenn for god leksehjelp og at alle skal komme godt i gang med det dei skal gjere denne veka. Vi har og høve til å bruke tid på å fylle faglege hol som eventuelt kjem fram.

Aktivitet ute og inne: Her ynskjer vi å legge til rette for ulike aktivitetar, gjerne med innspel frå dei som kjem. Det kan til dømes vere leikar, spel, skapande aktivitetar med ulikt materiale, fotball, uteleik, sykling og kløyving av ved.

Av kyrkjelydspedagog Ingvild Kringlebotten Stautland (tekst og foto)



Vennene Marielle Aasli Moen (t.v.) og Vilma Aamot-Bekkestad saman med hunden Lea storkosar seg på «Etter skuletid».



Nynorsk-bibelen er 100 år

Sist sommar var det 100 år sidan den fyrste heile bibelutgåva kom ut på nynorsk, den som fekk namnet «Fyrebilsbibelen». Han vart teken i bruk i Nidarosdomen under eit stemne i Noregs Ungdomslag i juli 1921.

Det var Bibelnemndi aat Studentmaallaget i Oslo som gav ut denne fyrste fullstendige bibelutgåva på nynorsk. Dette opplaget var på 50 000.

Jo då. Det nye testamentet låg føre på nynorsk alt i 1890, men omsetjinga av Det gamle testamentet tok si tid. Difor fekk dei utolmodige målstudentane med seg tjue teologar og lekfolk i ein omsetjingsdugnad i 1916, for å få ferdig ei mellombels utgåve av heile Bibelen på nynorsk, medan dei venta på ei fullstendig utgåve omsett frå grunntekstane.

«Fyrebilsbibelen». Faksimile frå bladet Bibelgaven 3 2021

Biskop Peter Hognestad og filologen Gustav Indrebø hadde hovudansvaret for samordninga og redaksjonen av tekstane i «Fyrebilsbibelen».

No gjev professorane Per Halse og Anders Aschim ut ei bok om «Fyrebelsbibelen». Eit viktig spørsmål hadde vore: Korleis skal ein gjera bibelspråket så nært talemålet som mogeleg? Eit omstridd døme kan hentast frå skapingssoga. Når det står i Bibelen om Eva, som vart skapt ved at Gud tok eit ribbein frå Adam, kunne det då heita: «Ho skal kallast kjerring; for ho er teki av ein kar», eller var det for sterkt og utfordrande??

Av Birger Bolstad



Ragnhild Jepsen, domprost i Nidaros, frå Ål
«Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss» les vi frå Johanne-sevangeliet på fyrste juledag. Viss det verkeleg er

slik, at Guds Ord er midt mellom oss, er det godt og rett at vi kan lesa og høyre det på vårt eige mål – på hjartespråket. At vi fekk bibelen omsett til nynorsk var ei vende. Det som alt var kjær, vart enda nærare. Det som var vanskeleg å skjønne, vart forståeleg. Å lesa bibelen på målet som målber både oss og Gud, trur eg er det beste vitnemålet om fellesskapen mellom Gud og menneske.



Olav Randen, geitebonde og forleggjar, leiar i Noregs Mållag 1994-1997

Eit par år sidan tok eg til å skrive bok om svolt i nordisk historie. Eg har skrive

om tider då kristentru var viktig for dei fleste og livet kanskje endå vanskelegare å forstå enn i vår tid. Var det naturendringar som gjorde at folk svalt, var det politikk, eller var det Herrens straffedom mot syndige menneske? Og viss det var det siste, var det rett av den allmechtige å straffe så mange og så hardt? Dei las i Bibelen, om uår og gode år, om Josef draumetydar og Farao, om Job som det gjekk både framifrå og ille, om synd og straff.

5 om nynorsk-bibelen

I eitt hundre år har me alle kunne lesa bibelen på nynorsk, om me ynskjer, og ikkje berre på bokmål eller riksmål eller dansk. Kva betydning har dette hatt for folk og land? Kyrkjebladet har spurt nokre ålingar. Her er svara:


Eg har leitt attende. Stundom har eg jamført svenske, danske og islandske bibelsitat med eigen skulelærdom, og med min gamle konfirmasjonsbibel, Ragnvald Indrebøs reviderte utgåve av Fyrebilsbibelen. Språkvurderingar er subjektive, men både Fyrebilsbibelen og Indrebøs omarbeidde bibel står seg i mine auge godt i høve til dei svenske, danske og islandske utgåvene. Det nynorske bibelspråket tek vare på og nyttar ut krafta og mangfaldet i folks talemål.



Sigrun Kaslegard, pensjonist, sterkt engasjert i misjon og kyrkjelydsarbeid

Så langt attende som i 1958 fekk eg min fyrste Bibel, og den var

på nynorsk. Før den tid hadde eg lese i gamle bokmål-Bibelen til mor mi. Det opna seg ei ny verd for meg då nynorsk-Bibelen kom. For det fyrste var det nynorsk me hadde som skrivemål på skulen, og for det andre så er det god klang (musikk) i nynorsken.



Døme frå salme 23: «Herren er min hyrding, det vantar meg ikkje noko. Han let meg liggja i grøne enger, Han fører meg til vatn der eg finn kvile.»

Sigurd Dahle, pensjonist, tekstformidlar

Min tippeoldefar Ole heldt fast på si dialekt frå Hemsedal då han kjøpte gard og flytta til Romsdalen. I 1867 var ein innan bibeloversetting på eit møte i heimen hans. Han merka seg; Ole ba på dansk, men då han ba for sonen, mis-

jonær i Zululand, slo han over på dialekt. «Det var første Gang jeg i en Forsamling hørte vort eget Maal brukt i bøn til Gud», skreiv Wycliffemannen. Eg blir inspirert av å ha ein bibel så nær opp til mitt eige talemål. Lettare då å kunne framføre det muntleg slik evangelia vart overlevert før dei vart nedskrivne.



Brita Laa, skuleelev
Brita vart konfirmert i november og ynskte seg ein nynorskbibel. Og grunnen? Ho har nynorsk som hovudmål og synest at nynorsk ligg nær halvingmålet.

Kristus på haugen – frå Golgata til Torpo

Så spennande ei historie! Linn Willetts Borgen har tidlegare i år teke doktorgraden på stavkyrkjene her i landet og gjort svært så interessante funn, blant anna at stavkyrkjene vart bygde i over 500 år: Urnes stavkyrkje er truleg den eldste, frå omkring 1130, og Kvernes stavkyrkje den yngste, frå 1633. Torp stavkyrkje er frå andre halvdel av 1100-talet.

Tekst: Birger Bolstad

Det er alltid ei oppleving å sitja i Torpo stavkyrkje, under det måla taket (baldakinen). Her har generasjonar site før oss og undra seg over livet, undra seg over dei eineståande mellomaldermåleria. I sommar orienterte Borgen hallingane om forskinga si og det spesielle med Torpo stavkyrkje. Eit par av funna til Borgen er verd å merkja seg:

Kristus på ein jordhaug

Forskaren viser til ein uvanleg detalj - på sjølv baldakinen - i måleriet av Kristus: Føtene hans kviler på noko som kan sjå ut som ein liten jordhaug. Det vanlege i liknande bilete er at Kristus kviler føtene på ein liten skammel eller på ein jordklode.

- Den typen haug som ein ser i Torpo, er svært vanleg i framstillingar av sjølv krossfestinga, fortel Borgen, som viser til Golgata-høgda der krossen skal ha stått, ifølgje bibelen.

Den lokale Golgata

Borgen meiner at det såkalla lektoriet i Torpo stavkyrkje kan forståast som ei lokal gjenskaping av Golgata. Eit lektorium var eit opphøgd galleri i austre delen av kyrkeskipet. Det markerte overgangen til koret og kunne brukast til opplesing av bibeltekstar, korsong, verdslege kunngjeringar og namn på døde som skulle bedast for.

- Andre stader i Europa er det kjent at lektorium kunne knytast til Golgata fordi dei var nære dei store krusifiksa og fordi plattformene



Detalj frå baldakinen i Torpo stavkyrkje. Under føtene til Kristus er den omtala jordhaugen. Me ser også fingrane til Kristus forma som ein kross over brystet. Foto: Linn Willetts Borgen



Kunsthistorikar og stavkyrkjeforskar Linn Willetts Borgen framom Torpo stavkyrkje. Foto: Birger Bolstad



Omrisset av ein person i kyrkjegolvet. Kristusfiguren på baldakinen speglar menneskefiguren i golvet. Foto: Linn Willetts Borgen

utgjorde eit «høgdedrag» samanlikna med golvnivå elles i kyrkjene, seier forskaren.

Lektoriet i Torpo har hatt ei noko uvanleg form, avgrensa med sidevegger og med den breie kvelven over. Borgen meiner dette kan tolkast som ein arkitektonisk referanse til Golgata-kapellet i Gravkyrkja i Jerusalem, som var ein høgrest struktur med golvnivå over den øvrige kyrkja og kvelv over. I Europa i mellomalderen fanst det mange kyrkjer og kapell som peika mot byggverk i Jerusalem, særleg rotunden over Jesu grav.

Grava inne i stavkyrkja

Men det er ikkje berre baldakinen og lektoriet i Torpo stavkyrkje som har vore interessant for Borgen. Ho framhevar også grava inne i stavkyrkja. Under lektoriet er det rissa inn ein menneskefigur i golvet som markerer ei grav. I grava vart det på 1950-talet funne restar av sko som kan daterast til same periode som måleria i baldakinen over. Ho meiner at grava, lektoriet og baldakinen er planlagt som ein heilskap:

Kristusfiguren på baldakinen speglar menneskefiguren i golvet, slik at dei er stilte nøyaktig «andlet til andlet». I tillegg har menneskefiguren ein kross over brystet som også blir gjentatt i kisteloket funne under golvet, og som blir spegla i handa til Kristusfiguren. Handa held han opp midt framom brystet i ein velsigningsgest, der fingrane formar ein kross.

- Grava kan koblast til Golgata i Jerusalem, seier Borgen. - I mellomalderen var det ei vanleg oppfatning at Adam låg gravlagd på Golgata, og at han vart fridd frå synda under krossfestinga, ved at vatn og blod frå Jesu sår rann ned i bakken til levningane hans, som dåp og nattverd. Adam vart ofte forstått som ein representant for menneskeslekta. Me kan sjå på figuren i golvet på same måten: Ein representasjon både av Adam, individet som er gravlagt, og tilskodaren som søker etter eiga frelse.

Hans Nielsen Hauge – arrestert i Ål

Hans Nielsen Hauge (1771 – 1824) vaks opp i ein religiøs bonde-familie i Rolvsøy, Tune i Østfold. Han vart lekipredikant, forfattar (17 bøker) og forretningsmann. Hauge kom til å spela ei viktig rolle i tida, og han reiste mykje, frå Danmark til Tromsø! Hauge hadde sterke band til Ål også.

Av Thor Warberg

Sist på 1700-talet hadde dansk kongen og embetsfolket hans påført landet ei viss utarming med krigar og luksusliv. Folk flest var fattige. Drukkenskap var utbreidd. Åndeleg sett var det ortodoks lære og pietisme som rådde. Men opplysningstida var i ferd med å slå gjennom. Såleis frykta styresmaktene opprør og krav om folkestyre. Prest og lensmann i kvar bygd fekk klare instruksar frå København. M.a. reglar som forbaud lekfolk å halde religiøse møte utan godkjenning frå presten.

Predikanten

Hauge begynte å tale i nærmiljøet, og folk strøymde til. Hauge vart oppglødd av responsen og reiste til Oslo alt i 1796. Han kritiserte prestane for verdslegheit og daud tru, og vart fengsla mange gonger etter påtale om «fanatisk forkynning». Men Hauge ville ikkje opprette egne menigheter. Folk skulle vera i kyrkja, men han ville ha betre prestar. Biskopen i Bergen derimot, den sjølvstendige Johan Nordal Brun, var av dei som støtta Hauge. Hauge fekk forkynne i fred i Bergen!

I 1804 vart Hauge plassert i fyllarresten i Kristiania, ein mørk og fuktig jordkjellar medan myndighetene skulle greie ut saka mot han. Eiga hans vart konfiskert. Og folk som ikkje leverte frå seg bøker av Hauge, vart bøtelagde! Myndighetene brukte heile 9 år på saka! Slik at helsa til Hauge forvittra. Men i 1809 var det stor saltmangel i landet på grunn av blokade frå England. Som fagmann på dette området fekk Hauge permisjon for å bygge offentlege saltverk på Sørlandet. Så måtte han inn att i tukthuset. 600 vitne vart avhøyrde, den verste motstanden mot Hauge var i Danmark!

Hauge vart frikjent for oppvigleri i 1814, men han vart ilagt ei bot på 1000 riksdalar for ulovlege møte.

Forretningar

Hauge løyste borgarbrev som kjøpmann i Bergen i 1801. Og starta eller oppmoda vener til å starte verksemdar. Det vart salt-kokeri langs kysten. Vidare vart det papirfabrikk (Eiker), boktrykkeri, nordlands-handel, teglverk, kopargruve og spinneri (Solberg på Eiker). Hauge støtta ven og åling Ola Torjusson Helling til å kjøpe Svanøy gods i Sunnfjord. Sambygdingen Eirik O. Gjeldokk var også med på reisa til Svanøy. Han for vidare til garden Tingnes i Romsdalen, dreiv dampskipsekspedisjon og var ein førande haugianar på Vestlandet.

Haldningar

Hauge var ingen skolert teolog. Korvidt læra hans braut med kyrkja og bibelen er vel omdiskutert. Men kvinesynet hans var litt radikalt, Haugianarane sleppte fram kvinner. Legg merke til den store rolla som Skjervheim-jentene


frå Ål (Gro Olsdtr. f. 1776 og Guri Olsdtr. f. 1781) fekk som hustruer i haugianarmiljøet i Drammen. (Fruene Mjelva og Strand). Etter vekkinga i Ål i 1801 begynte jentene å tale og å forkynne, og etterkvart kunne dei refse sine egne. Jfr. Bache-striden, ei skilsmisssesak vedr. ein av Hagues nære vener utover frå 1824. (HG Heggveit 1912 s 79)

Arresten i Ål

Lensmann Even Saarbye i Ål greip inn og fekk sett Hauge i arrest etter å ha halde møte på Sundre i 1800. Denne hendinga er mykje beskrive og utbrodert med tårer, salmesong og dramatik i 1908 av forfattaren Jakop Breda Bull. No er det uvisst kva kjeldestoff Bull har nytta. Men lensmann Saarby er det ingen tvil om!



Foto frå ein film frå 1958 med Hauge (Per Sunderland) på veg til tingstugu på Leksvol, Ål Bygdamuseum, med lokale statistar. Nils Warberg var «lensmann».



Mange har forska og skrive om Hans Nielsen Hauge. Her Dag Kulleruds bok: «Hans Nielsen Hauge. Mannen som vekket Norge» (1996).

I pinsen 1800 var haugianaren ovannemnte Tollef Bache, lensmann i Nore og Uvdal, invitert til å tale i Ål. Også han vart arrestert av Saarbye! Og «bygdens beste mænd» måtte trø til før Bache slapp ut mot kausjon!

Etterspel

I 1820 fekk Hauge erstatning frå staten på 2614 spesidaler for tapt inntekt og tap av formue. Men no var Hauge ein knekt mann! Makta vann på sin måte, men lekmannsrørsla fekk inspirasjon!

KJELDER:

Andreas Aarflot: Tro og lydigheit (1969)
HG Heggveit: Den norske kirkes historie i det 19. århundre (1912)
<https://www.borgerskolen.no/lokalhistorielocal-history/wikipedia mm>.

VI GÅR I KYRKJA

DESEMBER

05.12.2021 Joh 16,21-24
Leveld kyrkje 11:00

08.12.2021 Joh 16,21-24
Ål kyrkje 18:30

12.12.2021 Joh 5,31-36
Ål kyrkje 11:00

15.12.2021 Joh 5,31-36
Ål kyrkje 18:30

19.12.2021 Matt 1,18-25
Torpo kyrkje 11:00

22.12.2021 Matt 1,18-25
Ål kyrkje 18:30

24.12.2021 Luk 2,1-20
Kårstugu 12:00
Vats fjellkyrkje 13:00
Ål kyrkje 14:30 og 16:00
Leveld kyrkje 14:30 og 16:00
Torpo kyrkje 16:00

31.12.2021 Matt 11,25-30
Ål kyrkje 17:00

JANUAR

02.01.2022 Joh 12,42-47
Torpo kyrkje 11:00

09.01.2022 Joh 1,29-34
Leveld kyrkje 11:00

16.01.2022 Joh 1,15-18
Ål kyrkje 11:00

23.01.2022 Luk 13,10-17
Torpo kyrkje 11:00

30.01.2022 Joh 5,1-15
Ål kyrkje 11:00

FEBRUAR

06.02.2022 Mark 13,21-27
Leveld kyrkje 11:00
Ål kyrkje 17:00

13.02.2022 Matt 13,24-30
Torpo kyrkje 11:00

20.02.2022 Luk 9,28-36
Ål kyrkje 11:00

27.02.2022 Luk 18,31-34
Vats fjellkyrkje 11:00

MARS

02.03.2022 Mark 2,18-20
Ål kyrkje 18:30

06.03.2022 Matt 26,36-45
Ål kyrkje 11:00

09.03.2022 Matt 26,36-45
Ål kyrkje 18:30

13.03.2022 Luk 13,22-30
Torpo kyrkje 11:00

16.03.2022 Luk 13,22-30
Ål kyrkje 18:30

20.03.2022 Luk 22,28-34
Leveld kyrkje 11:00

23.03.2022 Luk 22,28-34
Ål kyrkje 18:30

27.03.2022 Luk 1,39-45
Ål kyrkje 11:00

30.03.2022 Luk 1,39-45
Ål kyrkje 18:30

Open Ål kyrkje

Måndag – fredag
kl. 8.30 – 14.
Onsdagar open kyrkje
kl. 19 – 20.30.
Siste onsdag i månaden
også enkel kveldsmesse
kl. 18.30–19 og
Mat og prat kl. 19–20
i sakristiet.

DØDE

Ål

05.08.2021	Birgit Skree	f.1921
12.08.2021	Aud Stakseng	f.1954
22.08.2021	Liv Solbakken	f.1926
07.09.2021	Gro Bente Kaupang	f.1965
09.09.2021	Birgit Westheim	f.1927
28.09.2021	Arvid Norevik	f.1944
30.09.2021	Arvid Berget	f.1965
13.10.2021	Lilly Dokken	f.1949

Leveld

07.08.2021	Asbjørg Etterlid	f.1944
28.09.2021	Anne Gerd Gudbrandsgard	f.1932

Torpo

31.07.2021	Hanna Løken	f.1926
06.08.2021	Aud Maria Solberg Løstegård	f.1957
08.09.2021	Kjell Haugen	f.1946

Urnedsetting

Ål

02.08.2021	Svein Boye Andersen	f.1943
06.08.2021	Åse Øye	f.1928
07.10.2021	Randi Lie Øien	f.1927
04.11.2021	Ingrid K. Bjørnetun	f.1929

Leveld

21.06.2021	Dagfinn Sandstad	f.1940
------------	------------------	--------

Torpo

25.06.2021	Arne Sander Moslåtten	f.1941
------------	-----------------------	--------

DÅP

Ål

28.08.2021	Isabella Värpa	
28.08.2021	Sarlota Värpa	
29.08.2021	Petter Flaget Arnegard	
10.10.2021	Agnes Asladdotter Flaten	

Torpo

26.09.2021	Ine Kristine Øvstrud	
------------	----------------------	--

Vats fjellkyrkje

04.09.2021	Gustav Gudbrandsgard Kongstvedt	
------------	---------------------------------	--

VIGDE

Ål

28.08.2021	Jørgen Dahl og Karen Frøyen Dideriksen	
11.09.2021	Odd Arne Dokken og Silje Iren Berget	

Vats fjellkyrkje

04.09.2021	Svein-Anders Eimer Skarsgard og Marit Angelika Schenk Steen	
------------	---	--

Formiddagstreff i Ål kyrkjestugu

Alltid første onsdag i månaden kl. 11 - 13

Berre onsdag 5.januar 2022 er førebels planlagt:

Tema v/Lars Monrad Vaage (bilete):

Historier om prost Monrad. Familiememoarar.

Andakt: Vigdis Moen Storhaug

Fylg med på www.aal.kyrkja.no og annonse i Hallingdølen.

Behov for skyss? Ring kyrkjekontoret: 32 08 61 61



Familievernkontoret: 32 12 33 44

Samtaler for par, familier og enkeltpersonar.
Kommunikasjon, konfliktløsning, foreldre-
retteiing, mekling m.m. Tilbodet er gratis

www.familievern.no • www.bufetat.no

*Vi ønskjer dykk alle
ei velsigna julehøgtid!*

Kirkens SOS:
22 40 00 40
(landsnr.)

Ein halvmeter med von

Når vi tek bort all innpakning, glitter og stas, er det eit veldig enkelt bilete som står att som sjølv hjartet i jula: eit sårbart spedbarn fødd inn i ei natt så klar og kald, i ei krubbe i ein stall. Det er eit kraftfullt bilete også på kor sårbare vi er.



Foto: Henrik Gull Larsen

Av biskop
Jan Otto Myrseth

For ein tilfeldig forbipasserande må det ha sett ganske kvar-dagsleg ut, men for dei fyrste som kom på barselvisitt, vart det klart at det var sjølv vona som var fødd til jorda.

Det hende så umerkeleg og stille. Gatene var tomme og vertshusa overfylte. Ikkje noko opptog eller fyrverkeri for den vesle. Men englane, Guds eigne bodberarar, var der og lyste opp den mørke vinternatta.

Meteren har vorte eit velkjent omgrep gjennom koronatida. Av omsorg for kvarandre har vi måtta halde avstand, og helseministeren sitt metermål vart flittig brukt som ein rettleiar og eit symbol på smittevernet. No kan vi heldigvis sleppe andre nærare inn på livet og tillate oss både eit handtrykk og ein klem når det fell naturleg.

Denne juletida vert meteren erstatta av ein halvmeter. I julenatta er vona sitt teikn ein halvmeter av kjøt og blod, av mjuk og naken hud som appellerer til all vår omsorg og nærleik og kjærleik.

Når Gud let seg føde inn i vår verd, så kjem han på nøyaktig same måten som då alle vi andre starta livsvandringa vår.

Det var ei uventa vending for alle som vona at Gud skulle gripe inn og gjere veg i vellinga for sitt eige undertrykte, okkuperte

folk. I staden for å kome som hærførar for ein mektig armé, kom han som ein audmjuk og sårbar tenar.

Men etter kvart forstod vi at denne fødselen er stadfestinga på at Gud held det han lovar. Profetane hadde fleire hundreår tidlegare snakka om eit barn som skulle fødest og vere Fredsfyrsten og teiknet på Guds nærver midt i all sorg og uro og smerte og einsemd.

Også denne jula vert vi utfordra til å elske slik Gud elsker, dele slik Gud deler, vere nær hjå kvarandre og hjå dei som treng omsorg og trøyst slik Gud etter sin lovnad er nær hjå oss i all vår naud. Vi kan omfamme det sårbare, nyfødde barnet i Betlehem ved å omfamme dei som er utsette og nakne i verda i dag.

Slik kan vona leve vidare og julegleda verte spreidd.

Julefeiring på TID kafé

Julaftan klokka 17-22:

Velkomstgløgg
Tradisjonell julemat
(alternativ meny for dei som ynskjer det)
Musikk, song m.m.
Kr 50,-

1. juledag kl. 13.30:

Brønsj kr 50,-

Velkommen!

Ta gjerne kontakt om du har lyst til å vere med på feiring, og ta kontakt om du kan vere med som frivillig før, under eller etterpå.

Arrangementet er ope for alle, små og store, og mat og opplegg blir forma etter kven som melder seg på.

Meld deg på innan 16. desember til: Kyrkjekontoret tlf. 3208 6161 eller diakon tlf: 40 45 57 83



Baby- og småbarnssong

Annankvar torsdag klokka 11 samlast me i kyrkjestugu på Ål.

Her har me samlingsstund med song, rim og regler. Me lærer regler og syng tradisjonssongar og kristne barnesongar. Nokre av songane hugsar du kanskje frå din eigen barndom, andre er nye. Musikk og berøring stimulerer sansane våre og er ei viktig kommunikasjonsform mellom liten og stor. Etter fellessamlinga er det lunsj og rom for prat med gamle og nye kjente.

Baby- og småbarnssongen er ein del av trusopplæringa i Ål.

Kvar onsdag klokka 11 er det trilletreff. Oppmøte utanfor kyrkja. Det er berre å møte opp.

Jenta med lyset: Maud Østgaard-Breie.
(Foto: Ingvild Kringlebotten Stautland)

Frå baby- og småbarnssongen. Dei glade mødrene Anette Neshagen, Charlotte Oppsata og Anita Ødegård saman med borna.
(Foto: Ingvild Kringlebotten Stautland)

